

Tore Magnus kjem att 2. juni

19.05.2009



**For rundt rekna eitt år sidan vitja trubaduren Tore Magnus Pettersson TI-aren i Gamleskulen og tysdag 2. juni kjem han att. Han skal ha konsert kl. 13.30, men før det blir det årsal for å dekkja utgiftene, opplyser Berit Harriet Døssland.**

Ho tykte at Tore Magnus laga ei verkeleg hyggestund då han var her sist og ser fram til den nye vitjinga. Men i førte omgong oppmodar ho folk om å gje gevinstar til årsalet slik at det kan bli vellukka.

Tore Magnus er særleg kjent for å ha laga tonen til 'Våre små søsken' av Inger Hagerup. Han vann 'Talent 71' med den og seinare er den utgjeve i over 30 ulike songsamlingar i heile Skandinavia. No reiser han mykje rundt til institusjonar og syng og har spesielle konsertprogram både for eldre, vaksne og born.

På biletet over syng Tore Magnus i TI-aren i fjor.

(Foto: Ola Matti Mathisen)